



Notat

Dato: 29.04.2015
Arkivsak: 2014/22289-13
Saksbehandlar: Iarbirik

Til: Per Nordmark

Frå: Lars Øyvind Birkenes

Orientering om utvida planområde for reguleringsplan for bru over Masfjorden - Kulturminnefagleg innspel

Viser til varsel om endring av planområde i samband med planprogram for bru over Masfjorden dagsett 17.03.2015. Viser og til vårt innspel til oppstart av planarbeid og høyring av planprogrammet av 01.12.2014.

Endringa inneber å utvida planområdet langs fylkesveg 570 frå det opphavleg tenkte planområdet i vest og forbi kommunehuset til grense for områdeplan for Sandnes. Føremålet med utvidinga er å sikre framtidig areal til fortau/gang/sykkelveg.

Fylkeskonservatoren viser til tidlegare innspel, men meiner at ei utviding som skissert må ta omsyn til bygningsmassen langs fylkesvegen frå kyrkjevegen og fram til kommunehuset som inneheld mellom anna Kvamsdal fargerier som var i drift mellom 1889 og 1954.

Om ein går ut frå at fortau/gang/sykkelveg skal ta til ved vegen som går opp til kyrkja vil det truleg vera mindre problemfylt då det ikkje er rom for utviding på nordsida av fylkesvegen mot båtstøene, id. 102118.